

Vedtatt i KOM 024/16

Idrett og fysisk aktivitet

Kommunedelplan

2016 - 2019



Stranda kommune

Innhald

1.0 Innleiing	3
1.1 Bakgrunn	3
1.2 Formål	3
1.3 Planprosessen	3
1.4 Resultatvurdering av sist plan	4
2.0 Strategi for idrett og fysisk aktivitet	5
2.1 Målgruppe.....	5
2.2 Hovudmål.....	5
2.3 Vurdering av aktivitetar og tilrettelegging	5
2.4 Delmål	6
3.0 Handlingsplan for anlegg og drift	9
3.1 Ordinære anlegg.....	10
3.2 Nærmiljøanlegg	10
4.0 Langsiktige behov	12

1.0 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Stranda kommune har i følge plan og bygningslova § 11 ansvar for å leggje forholda til rette for innbyggjarane på alle område. Kulturdepartementet krev at kommunane har ein plan for området for å utløysa spelemidlar (SM) til idrettsanlegg. Det er eit ønskje at kommunedelplanen ikkje berre er retta mot anleggsplanar, men legg vekt på fysisk aktivitet generelt, også eigenorganisert.

Kommunen har ansvar for å vere med på å leggje tilhøva til rette for at flest mogleg kan utøve idrett og fysisk aktivitet etter behov i rimeleg nærleik til sitt bomiljø. I planen er det lagt vekt på omsyn til dei ulike brukarkategoriene og at nærmiljøaktivitet er ein viktig del av forståinga vi har for idrett og friluftsliv.

Med fysisk aktivitet meiner vi all form for fysisk aktivitet. Her inkluderast alt frå det å gå på tur, svømming, barneleikar eller ro seg ein tur til organisert aktivitet.

1.2 Formål

Formålet med planen er å få:

- oversikt på kva type aktivitet ein ynskjer dei neste 4 åra.
- oversikt over planlagde anlegg innan idrett og fysisk aktivitet i Stranda kommune.
- utarbeidd handlingsprogram og langtidsplan for Stranda kommune innan anlegg og område for idrett og fysisk aktivitet.
- synlege resultat.
- tilstrekkeleg dokumentasjon overfor Kultur- og kyrkjedepartementet (KKD)/Idrett og Møre og Romsdal fylkeskommune; alle anlegg og område innanfor idrett og fysisk aktivitet som søkjer om stønad frå overskotet av SM, må vere innarbeidd i kommunedelplanen.
- ei rettesnor for Idrettsrådet og Helse, oppvekst og kulturutvalet (HOK) når det gjeld prioritering av SM-søknader frå vår kommune.

1.3 Planprosessen

Kommunedelplanen skal reviderast kvart 4. år med fullstendig saksbehandling etter Plan- og bygningslova §11. Handlingsprogrammet bør rullerast kvart år. Rullering er mindre vesentlege endringar, dvs. nye prosjekt takast inn i handlingsprogrammet og/eller gamle takast ut, t.d. når prosjekt frå langtidsprogrammet blir tatt med i handlingsprogrammet. Vesentlege endringar skal handsamast som revidering. Så lenge revisjon av handlingsprogrammet berre fører til rokering av allereie oppsette anlegg kan den politiske behandlinga delegerast til Helse, oppvekst og kulturutvalet (HOK). Idrettsrådet bør likevel få handlingsprogrammet til uttale. Kommunedelplanen skal godkjennast av fylkeskommunen på vegne av KKD.

Som følge av nytt krav til aktivitetsplan for både uorganisert og organisert aktivitet, blei det vinteren 2001 gjennomført idédugnad i alle bygdelaga i regi av Stranda kommune, fylkeskulturavdelinga og Møre og Romsdal Idrettskrets. Kveldane fungerte som oppstartsmøte for kommunedelplan for fysisk aktivitet i Stranda kommune der målet var ei skisse til handlingsplan. Innspela som kom fram her var så omfattande og gode at dei må kunne seiast å vere gyldig også for neste periode, sjå kapittel 2 og 3. I kapittel 2 kjem ein og nærare inn på målsettingane for planen.

Våren 2015 blei det gjennomført folkemøte i alle bygdelag med fokus på aktivitet, idrettsanlegg og fysisk aktivitet. Fylkeskommunen, innbyggjarane i Stranda kommune med organisasjonar, idrettsråd, politiske utval m.fl. har hatt høve til innspel på planen.

Utval som er trekte med i arbeidet er IDR (idrettsrådet), UDR (ungdomsrådet), HOK (helse-, oppvekst- og kulturutvalet), KPU (kommuneplanutvalet) og KOM (kommunestyret).

Samanhengen med andre planar i kommunen:

Eksisterande planar i kommunen som sektorplan for utbygging av idrettsanlegg og arealplanane (kommunedelplanar, reguleringsplanar) er viktig grunnlagsmateriale.

1.4 Resultatvurdering av sist plan

Stranda kommune var av dei første kommunane med ferdig utbyggingsplan for idrettsanlegg (1977), seinare har denne og omfatta friluftsliv. Sidan 2004 er også aktivitetar innarbeidd i planen.

Hovudintrykket etter dei siste planperiodane er at behov/interessa for ulike anlegg endrar seg raskare enn planane klarar med. Lag/organisasjonar som lanserte idear til anlegg for få år sidan har kanskje fått nye leiarar/styre med nye tankar og visjonar, eldsjeler fell frå, økonomien set grenser, behov endrast.

Sist planperiode (2012-2015) hadde bra måloppnåing. 5 av 32 anlegg frå det opphavlege handlingsprogrammet er ferdigstilt og 1 er under arbeid.

I løpet av perioden har planen og programmet vore rullert, slik at ein i tillegg har bygd/kome i gang med ytterlegare 3 anlegg.

Anlegga fordelar seg på følgjande kategoriar (sjå elles vedlegg 2a):

Ordinære anlegg: Gjennomført 4 av 20 planlagde anlegg pluss 1 som er under arbeid.

Nærmiljøanlegg: 2 av 15 planlagde anlegg er ferdigstilt og ingen er under arbeid.

Forenkla ordning: Ingen

2.0 Strategi for idrett og fysisk aktivitet

2.1 Målgruppe

Alle grupper i befolkninga er i målgruppa. Barn og unge under 18 år skal prioriterast.

2.2 Hovudmål

Befolkninga i Stranda kommune må i størst mogleg grad få lagt tilhøva til rette for fysisk aktivitet i området der dei bur. Dette gjeld idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet som eit helse- og trivselsskapande element.

2.3 Vurdering av aktivitetar og tilrettelegging

Målsettinga er vid og ganske omfattande og stiller store krav til tiltak og aktivitetar. For å nå målsettinga blir det viktig å sette seg mindre mål. Før ein tek stilling til delmåla er det viktig å sjå nærare på brukarane sine innspel på folkemøta som blei gjennomført våren 2015 i alle bygdelaga. Innspela dannar eit viktig grunnlag for vidare arbeid. Innspela blei komprimert til følgjande:

Generelt for alle bygdelag:

Auke kompetansen til alle trenarar og leiarar. Leggje til rette for meir friluftsliv.

Gjenopprette idrettskonsulentstillinga. Meir midlar frå det offentlege. Rekruttere og inkludere fleire på leiarsida.

Stranda

Kva fungerer bra i Stranda:

Stor friluftslivsaktivitet i flott natur, god tilrettelegging for idrettstilbod til barn, fine idrettsanlegg, mangfald i aktivitetar og organisert idrett, godt miljø.

Kva kan forbedrast i Stranda:

Samarbeid/samordning mellom ulike idrettar og aktivitetar, gang- og sykkelveg til idrettsanlegget på Mona, tur- og orienteringskart, rekruttering og utdanning av leiarar og trenarar og eit større foreldreengasjement. Legge til rette for lavterskeltilbod innan friluftsliv. Fleirbrukshall ved grusbana.

Arbeidsområde:

Skaffe vaksenengasjement og skape forståing for den norske idrettsmodellen til alle innbyggjarar, få folk til å stille på i verv og på dugnad, tilrettelegging for samarbeid mellom dei ulike aktivitetar, betre informasjon om mogelegheiter til innbyggjarane og større ressursar med ansvar for idrett og friluftsliv i kommunen.

Sunnylven

Kva fungerer bra i Sunnylven:

Natur og friluftsliv, kunstgrasbane for fotball, skyting, ski, sterk lokal patriotisme, god oppslutnad om lagsverksemd.

Kva kan forbedrast i Sunnylven:

Symjebassenget i skulen må rehabiliterast, for lite gang- og sykkelveg, få med born og unge til å ta eit tak td. i styrer, involvere nye tilflyttarrar, vedlikehald anlegg. Idrettskonsulentstilling må på plass igjen i kommunen.

Arbeidsområde: Oppgradering klubbhus/garasje Hyttehola med dusj og sanitæranlegg, rehabilitering symjebasseng, undervarme kunstgrasbane, orienteringskart og turstiar sentralt i Hellsylt. Rekruttering og kursing av leiarar.

Geiranger

Kva fungerer bra i Geiranger:

Godt samarbeid med naboklubbar, terrengsykkelbane, skaterampe, ballbinge, treningsrom, tilgang til basseng, gode turstiar, positive foreldre, aktivitetar i regi av Geiranger IL.

Kva kan forbetrast i Geiranger:

Meir mogelegheit for aktivitetar i sentrum, meir gatelys for tryggare turgåing vintertid/mørketid, større foreldreengasjement og rekruttering, vanskeleg å få folk til å ta verv. Turløype m/lys, trakkemaskin, større mangfald i aktivitetstilbod.

Arbeidsområde:

Aktivitetsplass, 7-er bane og sandvolleyballbane i sentrum og kommunens hjelp med å skaffe grunn til nye anlegg.

Skaffe gatelys på strekninga Gildetun (ungdomshuset) til Utsikten på FV 63.

Drive kompetanseheving for tillitsvalgte, skaffe trakkemaskin og ferdigstille orienteringskart.

Liabygda

Kva fungerer bra i Liabygda:

Tilgang til anlegg og naturområder er god – fotballbane, sandvolleyballbane, hoppbakke, lysløype, fjord, fjell, trimpostar, ballbinge, grindløe, gapahuk og godt merka råsnett over store areal. Aktivt idrettslag, gode lagsaktivitetar og trim.

Kva kan forbetrast i Liabygda:

Gymsal i skulen, kjøkken og sanitæranlegg i klubbhuset på Langemyra, rekruttering og skolering av aktivitetsleiarar/trenarar, planfri kryssing av fylkesveg ved Stavsengfjellet skisenter, anlegg og utstyr for friidrett.

Kommunen bør få egen Helsekoordinator samt medlemskap i Ålesund og omegn friluftsråd

Arbeidsområde:

Nærmiljøanlegg på Langemyra med div. aktivitetar, rehabilitering av klubbhuset på Langemyra, rehabilitering av Austegardsråsa/sykkelsti, planfri kryssing av fylkesveg-rehabilitering/oppgradering av skihytta ved Stavsengfjellet skisenter.

Orienteringskart og utvide turkassetilbudet ved trimløyper.

Rulleskianlegg – bør vurderast som interkommunalt anlegg.

2.4 Delmål

Det er mange samanfattande problemstillingar og behovsvurderingar mellom bygdelaga. Innspela og vurderingane samsvarar i stor grad med erfaringar ein har gjort seg så langt og ein kan av dette slutte seg til følgjande delmål:

- a) Informasjon
- b) Leiarutdanning
- c) Foreldreengasjement
- d) Utvikling og fornying av aktivitetstilbod
- e) Anleggsutvikling for bygningar og spesielt friluftsliv tilrettelagt for alle

a) Informasjon

Synleggjere aktivitetar, tiltak og anlegg som tilretteleggast av lag og organisasjonar og i kommunen gjennom god kommunikasjon.

Tiltak:

- Aktiv bruk av heimesider i lag og organisasjonar
- Lag og organisasjonar bør samarbeide om utlegg av aktivitetar og arrangement
- Idrettsråd.
- Aktiv bruk av presse utover annonsering

b) Leiarutdanning

Sørgje for at organisasjonane i Stranda kommune har tilstrekkelig kompetanse og motiverte personar til å møte utfordringane.

Tiltak:

- Kurs for leiarar på tvers av lag og organisasjonar
- Oppfølgingskurs for å sikre kontinuitet
- Skape rom for nettverksbygging og møteplassar, frivillighetsforum etc.

c) Foreldreengasjement

Skape gode forhold for trenarar/leiarar, bra oppslutnad og gode aktivitetar gjennom større foreldreengasjement.

Tiltak:

- Skape forståing for den norske idrettsmodellen blant alle innbyggjarar
- Styra i klubbane ber fleire om hjelp til gjennomføring av aktivitetar og arrangement
- Utvikle samarbeidet mellom foreldra, foreldra og styret, laget og andre lag/organisasjonar
- Temakveldar
- Koordinering av aktivitetstilboda – planleggingsmøte med deltaking frå samtlege barne- og ungdomsarbeidarar
- Informasjon om aktivitetstilboda

d) Utvikling og fornying av aktivitetstilbod

Eksisterande og framtidige anlegg og aktivitetar utviklast i dialog med frivillige organisasjonar, grunneigarar og kommunen.

Tiltak:

- Gi innbyggjarane god informasjon om eksisterande anlegg og aktivitetar
- Idrettsskole/all-aktivitetstreningar for dei mellom 0-12 år
- Allidrett: Idrettshall/svømmebasseng for uorganisert aktivitet i helg og på kveldstid for ungdom
- Samarbeid mellom dei ulike laga og organisasjonane i kommunen og på tvers av kommunegrensene. Frivillighetsforum
- Samarbeid mellom skulane og organisasjonane om felles bruk og vedlikehald av gapahuker, turstiar, nærmiljøanlegg osv.
- Utvikle og leggje til rette for meir friluftsliv. Skilting, gapahukar, grillplassar, teltplassar

- Mangfaldig aktivitetstilbod
- Vidareutvikle samarbeidet med elevar ved idrettslina på Stranda vgs til instruksjon og motivasjon

e) Anleggsutvikling for bygningar og friluftsliv

Stranda kommune skal leggje til rette for fysisk aktivitet og naturopplevingar ut frå innbyggjarane sine behov og føresetnader - inklusiv omsyn til funksjonshemma.

Tiltak:

- Gi innbyggjarane god informasjon om eksisterande anlegg og moglegheiter
- Halde fram arbeidet med merking og opprusting av turstiar, spesielt Postvegen
- Utvikle og legge til rette for meir friluftsliv i Stranda kommune
- Arbeide for å tilsette idrettskonsulent/helsekoordinator i inntil 100% stilling
- Vurdere medlemskap i Ålesund og omegn friluftsråd
- Betre og attraktivt utstyr til ulike aktivitetar ute og inne
- Stranda: Fleirbruksanlegg grusbana
- Stranda: Utbetre skolane sine uteområde
- Stranda: Utvikle lysløype for ski-nordisk med kulvert i Hevsdalen
- Sunnylvn: Utbetre klubbhus/garasje i Hyttehola med sanitæranlegg
- Sunnylvn: Rehabilitering av symjebassenget ved skulen
- Sunnylvn: Undervarme på kunstgrasbana ved stadion
- Sunnylvn: Løpebane tartan ved stadion
- Sunnylvn: Gatelys Bygdavegen fram til Åsebrua
- Sunnylvn: Gatelys rundt O.Ringdal og frå Solvegen og opp Ringdalsvegen
- Sunnylvn: Utvikle samarbeid med Stranda vgs
- Geiranger: Gatelys – betre tilrettelegging for trimaktivitet
- Geiranger: Aktivitetsområde med badeplass
- Liabygda: Utvilking av Langemyra som fleirbruksområde for idrett og fysisk aktivitet
- Liabygda: Utbetring av klubbhuset med kjøkken og sanitæranlegg
- Liabygda: Vidareutvikle Stavsengfjellet skisenter
- Liabygda: Vurdere samanbinding av skogsveggar til betre turveggar og sti-nett

3.0 Handlingsplan for anlegg og drift

Handlingsplanen tek utgangspunkt i eksisterande kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2012-2015, søknader til kommunen og innspel frå folkemøte i bygdelaga april 2015. Kommunen vil vere involvert, mellom anna med rådgjeving, praktisk hjelp med spelemiddelsøknadar og planarbeid.

Ordinære anlegg gjeld både nye anlegg og rehabilitering av eksisterande anlegg. Med ordinære anlegg forstår vi anlegg for organisert idrett og fysisk aktivitet. Nærmiljøanlegg er anlegg eller område for eigenorganisert fysisk aktivitet. Nærmiljøanlegget må vere eit utandørsanlegg som i hovudsak skal ligge i tilknytning til bo- og/eller opphaldsområde.

3.1 Ordinære anlegg

Rehabilitering av område og nye anlegg – prioritering

Prioritert liste:

- | | |
|--|-------------------------------------|
| 1. Strandahallen rehabilitering | Stranda kommune |
| 2. Rehabilitering garderobes Klubbhus Mona stadion | Stranda IL |
| 3. Kunstgrasbane 7-er, rehab Stranda stadion | Stranda IL |
| 4. Hyttehola - fleirbruksanlegg | SunnylvenIL/Sunnylven skyttarla |
| 5. Ski –Nordisk plan Hevsdalen, 3 delelement | Stranda IL, langrennsgruppa |
| 6. Fjellbakken – Stavsengfjellet – utbetringar | Stordal IL, Liabygda IL, Valldal IL |
| 7. Garasje/grindløe til trakkemaskin | Geiranger IL |
| 8. Rehabilitering/utbetring av klubbhus | Liabygda IL |
| 9. Mona stadion – nytt kunstgrasdekke | Stranda IL |
| 10. Oppgradering lysløype til rullski/sykkel | Liabygda IL |
| 11. Rulleskiløype | Stranda IL |
| 12. Symjebasseng, Sunnylvn skule | Stranda kommune |
| 13. Ski-Nordisk plan Hevsdalen, 5 delelement | Stranda IL, langrennsgruppa |
| 14. Skiarena med planfri kryssing over FV60 | Stavseng Skisenter/Liabygda IL |
| 15. Løpebane, tartandekke Sunnylvn stadion | Sunnylvn IL |
| 16. Opprusting ”Den Trondhjemske postvei” | Sunnylvn IL |
| 17. Fleirbruksanlegg grusbana Stranda kommune | Stranda IL |
| 18. Utvide garasje klubbhuset Mona stadion | Stranda IL |
| 19. Restaurering langrennshytta Hevsdalen | Stranda IL |
| 20. Trakkemaskin Hevsdalen | Stranda IL |
| 21. El skyteskiver påskytebane - 100 m | Liabygda skyttarlag |
| 22. Skatepark/anlegg Stranda | Stranda komm/friv.org |

3.2 Nærmiljøanlegg

Rehabilitering av område og nye anlegg – prioritering

Prioritert liste:

- | | |
|---|-------------------------------|
| 1. Tennisbane v/Vestborg vgs | Vestborg vgs |
| 2. Sandvolleyballbane, Geiranger | Geiranger IL |
| 3. Orienteringskart, Sunnylvn | Sunnylvn IL |
| 4. Klatrevegg i Geiranger | Geiranger IL |
| 5. Badeplass/aktivitetsområde Geiranger | Geiranger IL |
| 6. Ski-Nordisk plan Korsmyra - 5 delelement | Geiranger IL |
| 7. Orienteringskart, Geiranger | Geiranger IL |
| 8. Materiell til friidrett Mona Stadion | Stranda IL |
| 9. Ballbinge Ringstad skule | Stranda kommune |
| 10. Aktivitetsløype, sentr.–Svarthammaren | Sunnylvn næringslag |
| 11. Terrengløype/turveg, sentr. langs sjøen | Sunnylvn næringsl/Stranda kom |
| 12. Turkart/orienteringsløype | Stranda IL |
| 13. Turkart/orienteringsløype/stinettverk | Liabygda IL |
| 14. 7-er bane m/kunstgras | Geiranger IL |
| 15. Ballbinge Hevsdalen | Stranda IL |
| 16. Nærmiljøanlegg Langemyra | Liabygda IL |

4.0 Langsiktige behov

Oppgåvene er vilkårlig sett opp og ikkje i prioritert rekkefølge.

Stranda:

- Tilrettelegge nye turløyper langrenn
- Oppgradering og merking av nye turstiar
- Skape aktivitet for pensjonistar

Sunnylven:

- Aktivitetsanlegg, skulen
- Rulleskiveg/løype
- Snøkanonanlegg Hyttehola
- Generell utvikling av turskiløypene
- Utvikle ridemiljøet
- Undervarme kunstgrasbane på Hellesylt stadion

Geiranger:

- Gatelys Gildetun-Flydalsjuvet
- Vidareutvikle skateanlegg Geiranger

Liabygda:

- 7'er bane med kunstgras, stadion
- Klubbhus Stavsengfjellet
- Rehabilitering av Austegardsråsa til tur/sykkelveg